

# **DETALJREGULERINGSPLAN**

**Naustområde Skutevika, g.nr 4 b.nr 89 m.fl, Hidle**

**PlanID: 202107**

**Bømlo kommune**

**FØRESEGNER**

## § 1 INNLEIING

§ 1.1 Det regulerte område vert vist på vedlagte plankart datert 4.5.2026 med plangrenser.

§ 1.2 Planområdet er på ca 14,5 daa inklusive trafikk- og sjøareal. Arealet fordeler seg slik:

Arealformål	Areal (m <sup>2</sup> )
<b>§12-5. Nr. 1 - Bygningar og anlegg</b>	<b>2227,4</b>
1587 - Småbåtanlegg i sjø og vassdrag (SMB1-8)	791,4
1589 - Uthus, naust eller badehus (UNB1-7)	1436
<b>§12-5. Nr. 2 – Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur</b>	<b>3969,3</b>
2010 - Veg (o_V1)	2301,4
2019-Annann vegggrunn, grøntareal (o_AVG1-3)	158,3
2041 - Kai (KAI1-8)	546,5
2080 - Parkeringsplassar (P1-9)	963,1
<b>§12-5. Nr. 3 – Grøntstruktur</b>	<b>35,1</b>
3900 - Grønstruktur kombinerte i samsvar med angjevne føresegner (f_GAA)	
<b>§12-5. Nr. 5 – Landbruks-, natur- og friluftformål og reindrift</b>	<b>6064,8</b>
5100 - LNF-areal for nødvendige tiltak for landbruk og gard m.v (LNFR1-5)	4859,9
5200 - LNFR-areal for spreidd bustad-, fritids- eller næringsbebygging m.m. (LS1-3)	1204,9
<b>§12-5. Nr. 6 – Bruk og vern av sjø og vassdrag, med tilhøyrande strandsone</b>	<b>2711,8</b>
6001 - Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone (BSV)	
<b>Totalt alle kategorier</b>	<b>14 462</b>
<b>§12-6 Omsynssoner</b>	<b>114,3</b>
140-Frisikt (H140)	55,1
370-Høgspenningsanlegg(H370)	59,2

## § 2 FELLES FØRESEGNER

### §2.1 *Generelt*

Etter at denne detaljreguleringsplanen er endelig vedteken kan det ikkje gjerast gjeldande privatrettslege avtalar som er i strid med planen og føresegnene.

### §2.2 Rekkefølgekrav

Det må liggja føre samla plan for teknisk anlegg for heile området før byggjeløyve kan gjevast i området.

Teknisk plan for veg, vatn og avlaup skal godkjennast av BVA og Bømlo kommune før det kan gjevast løyve til tiltak innanfor området.

Overordna VA- plan skal liggja føre jfr. punkt 3 i Kommunalteknisk VA norm for Sunnhordland.

Før det kan gjevast bruksløyve for bygningar, må avkøyrse, felles parkeringsplassar og siktsoner vere opparbeidd i tråd med godkjend plan.

### § 2.3 *Teknisk infrastruktur*

Pumpestasjon, kabelskap og liknande teknisk utstyr kan førast opp i planområdet etter søknad til Bømlo kommune.

### § 2.4 *Terrenghandsaming*

Alle terrenginngrep skal skje mest mogeleg skånsamt. Større tre og annan verdifull vegetasjon skal i størst mogeleg grad takast vare på.

I samband med utarbeiding av byggeplanar, kvalitets-/HMS-planar skal det gjennomførast ei meir detaljert risikovurdering i forkant av anleggsarbeid for å unngå eventuell fare for grunnbrot, utgliding av lausmassar, skade på leidningsnett og sikringstiltak før gåande/køyrande gjennom anleggsområdet. Dokumentasjon på at dette er fullført skal leggjast ved byggemeldingar i samband med søknad om tiltak innanfor planområdet.

Den detaljerte risikovurderingen kjem i tillegg til fareavklaring gjennom ROS-analysen for planen og vurdering av områdestabilitet , og skal sikre at anleggsarbeidet vert gjennomført i tråd med dei føresetnadene planen byggjer på.

### **§ 2.5 Kulturminne**

Det kan finnast uregistrerte kulturminne i planområdet. Dersom det i samband med gravearbeid kjem fram funn eller konstruksjonar som kan vera verneverdige, skal arbeidet straks stansast og fylkeskonservatoren varslast, jfr Kulturminnelova § 8, 2 ledd.

Meldeplikta gjeld også dersom ein under arbeid i sjøområda finn skipsvrak, keramikk eller andre marine kulturminne, jf. kml. § 14, 3. ledd. Funn av marine kulturminne meldast til Bergen Sjøfartsmuseum.

Ved opparbeiding av areala skal ein søke å unngå inngrep i/ skade på kulturlandskapstrekk som steingardar, eldre vegar/ stiar, bakkemurar, ruinar/tufter m.v.

### **§ 2.6 Tiltak i sjø**

Tiltak i sjø som fell inn under hamne- og farvasslova skal godkjennast av Karmsund Hamnevesen. Tiltak som kaiar, flytebrygger, utfyllingar, sjøleidningar m.m. krev løyve frå hamnemynde i tillegg til handsaming etter plan- og bygningslova, jfr. Hamne- og farvasslova § 27.

### **§ 2.7 Ålmenta si frie tilgong til strandsona**

Det skal ikkje setjast opp gjerde, skiljeveggar eller andre stengsel i strandsona og på kaiar som kan vere til hinder for ålmenta si ferdsle i desse områda.

### **§ 2.8 Byggjegranser**

Byggjegranser er vist i plankartet. Der byggjegrænse ikkje er vist, følgjer denne førmålsgrænse.

## § 3 BYGNINGAR OG ANLEGG

### § 3.1 Naust (UNB)

§ 3.1.1 Innanfor området UNB kan det førast opp naust.

§ 3.1.2 Innanfor området UNB kan det vera inntil 11 naust. Det er i dag 5 eksisterande naust innan planområdet.

§ 3.1.3 Naust skal byggjast med innvendig gulv på kotehøgde minimum +1,8m.

§ 3.1.4 Maksimalt tillat bruksareal er 40 m<sup>2</sup> (BRA) og maksimal mønehøgde er 5 meter målt frå ferdig golv.

§ 3.1.5 Taket skal utformast som saltak, med takvinkel mellom 40-45 grader. Takutstikk skal vera knappe. Taktekking skal vera som for tradisjonelle naust.

§ 3.1.6 Vindauge skal vera ståande (høge) utan store glasflater og utgjera maksimalt 3 % av den totale veggflata på naustet.

§ 3.1.7 Det kan godkjennast toalett og dusj. Maksimal størrelse på våtrom er 4 m<sup>2</sup>. Det er tillete å isolera nausta.

§ 3.1.8 Endeleg utforming og plassering av bygningane vert å fastsetja i samband med byggjemelding.

§ 3.1.9 Naust skal ha tilgong til minst 1 parkeringsplass.

Rett til parkeringsplass må dokumenterast før det vert gjeve delings- eller byggjeløyve.

### § 3.2 Småbåtanlegg i sjø (SMB)

§ 3.2.1 Området SMB kan nyttast til båtfeste og flytebrygge m/landgong for småbåtar.

Utlegging av flytebrygger er søknadspliktig jfr § 2.6.

§ 3.2.2 Flytebrygger skal ha maks storleik på inntil 15m<sup>2</sup> der maks breidd skal vera 2,5m. Den skal ikkje hindra fri ferdsel.

§ 3.2.3 Endeleg utforming og plassering vert å fastsetja i samband med byggjemelding.

## **§ 4 Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur**

### **§ 4.1 Veg (V)**

§ 4.1.1 Føremålet V regulerar del av privat veg, inkludert private avkøyrslar langs denne.

§ 4.1.2 Mindre endringar i vegføringa kan tillatast når detaljplanlegging tilseier det og det er tryggleiksmessig forsvarleg.

### **§ 4.2 Anna veggrunn - grøntareal (AVG)**

§ 4.2.1 Føremålet AVG dekkjer grøfter, skjeringar, skråningar og murar langsmed samferdsleføremål.

### **§ 4.3 Kai (KAI)**

§ 4.3.1 Føremålet regulerer kai. Kai kan byggast i stein, betong eller treverk.

### **§ 4.4 Parkeringsplassar (P)**

§ 4.4.1 Føremålet regulerer parkeringsareal.

§ 4.4.2 For UNB vert det sett krav til tilgong til minimum 1 parkeringsplass pr eining.

§ 4.4.3 Parkeringsrett må vera tinglyst på nausteigedomen.

## **§ 5 Grøntstruktur**

### **§5.1 Angitt grøntstruktur kombinert med andre angitte hovedformål (GAA)**

§5.1.1 Føremålet dekker område som er utanfor byggeområdene og kan nyttast til kombinasjon av ålment tilgjengeleg grøntområde og område for tekniske installasjonar som båtslipp / båtopptrekk og VA-teknisk utstyr i grunnen.

## **§ 6 Landbruks- natur- og friluftsføremål samt reindrift**

### **§6.1 LNFR-areal for nødvendig tiltak for landbruk og reindrift og gårdstilknyttet næringsvirksomhet basert på gårdens ressursgrunnlag (LNFR)**

§6.1.1 Føremålet er regulert i samsvar med kommuneplanen sin arealdel, og kommuneplanen sine føresegner og retningslinjer er gjeldande for føremålet.

## **§6.2 LNFR-areal for spredde bustader-fritidsbygninger eller næringsbygninger m.m. (LS)**

§6.2.1 Føremålet er regulert i samsvar med kommuneplanen sin arealdel, og kommuneplanen sine føresegner og retningslinjer er gjeldande for føremålet.

## **§ 7 Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone**

### **§7.1 Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone (BSV)**

§7.1.1 Føremålet dekker sjøområde som er allment tilgjengeleg.

## **§ 8 Omsynssoner**

### **§8.1 Frisikt (H140)**

§8.1.1 Sona skal vera fri for fysiske og visuelle hindringar høgare enn 0.5m over tilstøytande vegars plan, dette gjeld mellom anna for fyllingar, bygningsmessige arbeid og planting.

### **§8.2 Høgspenningsanlegg (inkl høgspentskablur) (H370)**

§8.2.1 Sona dekker område båndlagt grunna nærleik til høgspentskablur.

*Bømlo, 14.02.23  
Vidar Onarheim  
Planlegg Bømlo as*

*Endring av bestemmelser datert 14.2.2023  
er vist med rød tekst.*

*Bergen, datert 6.5.2026  
Multiconsult ASA*